

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga med slik endring i pkt. 2:

Sande kommune følgjer opp mot invitasjonen frå Volda kommune»

Pkt. 3 i tilråding frå Arbeidsmiljøutvalet vert lagt til som nytt avsnitt til pkt. 2.

VEDTAK:

Pkt 1:

Sande kommune inngår samarbeid om NAV-tenester med Hareid kommune og Ulstein kommune med Hareid kommune som vertskommune med verknad frå 01.01.2019.

Sande kommune legg til grunn at samarbeidet fyl arbeidsmiljølova sine reglar om overdraging av verksmed, og elles dei ålmenne spelereglane i arbeidslivet, slik som Hovudavtale og Hovudtariffavtale.

Rådmannen får i oppgåve å legge fram ein samarbeidsavtale mellom kommunane/NAV for NAV-tenestene til politisk behandling.

Pkt 2:

Sande kommune følgjer opp invitasjonen frå Volda kommune om å føre avklarande samtalar om barnevernstenester før endelig vedtak om barneverntenesta vert fatta. Ordførar, rådmann og barnevernsleiar deltek i samtalan med Volda kommune.

Rådmannen får i oppdrag å utgreia eit lokalt alternativ som kan omfatta t.d. barnevern, flyktingteneste, kommunepsykolog, kultur, PPT, helsestasjon.